



## MØTEBOK ULLENVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 6. mai 2019 kl. 1745-2000

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

**Desse møtte:** Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad, Synnøva Sæbø

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

**Saker til styremøtet:**

**UFS 18/19: Meldingar**

**UFS 19/19: Orientering om økonomi med meir**

**UFS 20/19: Reinsjakta 2019**

**UFS 21/19: Eventuelt**

Steinar Langesæter/s/

Ragnar Ystanes/s/

Jørund Kvestad/s/

Hildegunn Espe/s/

Synnøva Sæbø /s/

**Kopi til:**

Fjellstyremedlemmer  
Varamedlemmer  
Fjellstyra på Hardangervidda as  
Norges Fjellstyresamband  
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog  
Odda kommune  
Ullenvang herad  
Hardanger Folkeblad



## UFS 18/19: Meldingar

### Saksdokument:

Postliste:

- 2019.02.20-152.3-Ullenvang fjellstyre-Melding om fullført byggeprosjekt
- 2019.02.20-035.2-Ullenvang fjellstyre-Melding om fullført byggearbeid
- 2019.02.20-137-Ullenvang fjellstyre-gåvepremie basar 2019
- 2019.03.08-145.9.Ullenvang fjellstyre-Søknad om gave frå Sparebankstiftinga Hardanger
- 2019.03.05-145.4 Statskog-Sluttutbetaling naustet
- 2019.03.05-145.4 Statskog-Sluttutbetaling traktorslepa
- 2019.03.06-011.0 Ullenvang fjellstyre-Uttale til krav om utvida fjellstyre
- 2019.03.08-145.9.Ullenvang fjellstyre-Søknad om gave frå Sparebankstiftinga Hardanger - båtar
- 2019.03.8-612.3 Villreinutvalet-Invitasjon til vårmøte
- 2019.03.8-612.3 Villreinutvalet-Invitasjon til årsmøte i villreinutvalet
- 2019.03.8-612.3 Villreinutvalet-Høyring på forslag til villreinkvote 2019
- 2019.03.11-145.4 Ullenvang fjellstyre-Oppmoding om sluttutbetaling sak frå 2014
- 2019.03.12-152.3 Gjensidige-Sluttoppgjer naustet
- 2019.03.25-612.3 Ullenvang fjellstyre - Høyringssvar villreinkvote 2019
- 2019.03.27-612.3 Villreinutvalet-Skrantesjuke og prøvetaking på Hardangervidda 2019
- 2019.03.29-145.9 Ullenvang fjellstyre-Søknad om gave frå Sparebankstiftinga Hardanger-bru over Hansbubekken
- 2019.04.24-612.3 Villreinnemnda-Kvotevedtak 2019

### Saksutgreiing:

Gjennomgang av postliste på møtet.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

### Referat:

Kort gjennomgang av meldingane ved sekretær. Drøfting av spørsmålet om forvaltning av statsallmenningen etter kommunesamanslåing og eventuell endra fjellstyrestruktur. Det var semje om at spørsmåla skal takast opp i fyrstkommande møte i Fellesstyret for Ullenvang statsallmenning.



**Vedtak (sak UFS 18/19):**

Fjellstyret tek meldingane til orientering. Spørsmåla rundt forvaltning av statsallmenningen etter kommunesamanslåinga blir teke opp i fyrstkommande møte i Fellesstyret for Ullenvang statsallmenning.

**UFS 19/19: Orientering om økonomi med meir**

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

Gjennomgang på møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Gjennomgang ved sekretær.

**Vedtak (sak UFS 19/19):**

Styret tek meldingane til orientering.



## UFS 20/19: Reinsjakta 2019

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

#### Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Fjellstyret har tidlegare år hatt ei ordning der innanbygdsbuande fyrstegongsjegerar 16-18 år får tildelt eit reinskort til redusert pris. I 2018 blei det tildelt eit fritt dyr-kort for 300,-.

I år med høg kvote er alle innanbygdsbuande sokjarar sikra kort, så tiltaket er ikkje så viktig i år, men det er uansett viktig for fjellstyret å sikre rekruttering av nye jegerar, og ein redusert pris er difor eit positivt tiltak.

#### Kortreturordning

Sekretær er av den oppfatning at kortreturordning fyrst og fremst er aktuelt i år med låg kvote, når ikkje alle innanbygdsbuande sokjarar blir tildelt kort før jakta. Med dette som utgangspunkt blir det difor ikkje tilrådd å ha kortreturordning i år.

#### Utdeling og anna praktisk rundt jakta

Sekretær tilrår utdeling på biblioteket på Åkre og på heradshuset som tidlegare år. Særskild viktig så lenge det skal takast cwd-prøvar, då det vil bli dyr frakt dersom korta skal sendast i posten. Dataar kan fastsetjast på eit seinare møte.

Ynskjer fjellstyret at jegerane skal få utdelt bladet «Villreinen» gratis med korta, slik som tidlegare år?

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



## Referat:

Orientering ved sekretær om tal sokjarar:

Innanbygdsbuande sokjarar: 145

Innanbygdsbuande fyrstegongssokjarar 16-18 år: 4

Utanbygdsbuande sokjarar: 455

## Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Hildegunn Espe orienterte om at ho er inhabil i spørsmålet om tiltak for unge fyrstegongsjegerar, og deltok ikkje i diskusjonen.

Det var semje i styret om å tilby unge fyrstegongsjegerar 16-18 år eit bukkekort til 300,-.

## Kortreturordning

Det var semje i styret om å ikkje ha kortreturordning i år.

## Utdeling og anna praktisk rundt jakta

Det blir lagt opp til utdeling av kort på biblioteket på Åkre og heradshuset som vanleg. Fjellstyremedlemmene blir informert om tidspunktet, slik at dei kan vera med dersom det høver.

Fjellstyret gir eit eksemplar av bladet «Villreinen» til alle innanbygdsbuande jegerar i lag med korta.


## Vedtak (sak UFS 20/19):

Fjellstyret tilbyr unge fyrstegongsjegerar 16-18 år eit bukkekort til 300,-.

Fjellstyret har ikkje kortreturordning i år.

Det blir lagt opp til utdeling av kort på biblioteket på Åkre og heradshuset som vanleg. Fjellstyremedlemmene blir informert om tidspunktet, slik at dei kan vera med dersom det høver.

Fjellstyret gir eit eksemplar av bladet «Villreinen» til alle innanbygdsbuande jegerar i lag med korta.



## UFS 21/19: Eventuelt

### Uttale til høyringsnotat om framlegg til forskrift om endring av jakttid for villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020

Forslag til forskrift om endring av jakttid i 2019 og 2020 blei diskutert. Ved avstemming blei det vedteke med tre stemmer (Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes og Jørund Kvestad) mot to stemmer (Hildegunn Espe og Synøva Sæbø) å sende inn høyringsuttale som støttar framlegg om endring av jakttida på Hardangervidda i 2019 og 2020 til 10.8-22.9.

Steinar Langesæter tok opp at fjellstyret bør gi Oddvard Hauso ei påskjønning for alt arbeidet han har gjort med hyttene dei siste åra. Det var semje i fjellstyret om å tilby å dekke halvparten av utgiftene til helikoptertransport til Hansbu i sommar.

Hildegunn Espe orienterte om at det blir sendt klage på kvotevedtaket frå andre vald, og inviterte fjellstyret til å støtte denne klaga. Det var ikkje fleirtal i fjellstyret for å klage på kvotevedtaket.

### Saker til neste møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

Sakslista er ikkje klar, men aktuelle saker er:

- Reguleringar under reinsjakta 2019
  - Jaktag
  - Nattfreding – vedtak frå 2018 gjeld inntil vidare
  - Teltplassar – vedtak frå 2018 gjeld inntil vidare
  - Fredingssoner – oppheving mot slutten av jakta?
- Søknad om samjakt frå private vald i Ullensvang og Odda
- Samjakt med andre statsallmenningar
- Opplæringsjakt – bestemmingar om praksis (eige våpen til tilsynsperson eller ikkje)
- Eventuelt ny handsaming av sak 04/19 (Revisjon av fiskereglar) og 05/19 Smårovviltkort

Kort drøfting av sakene til neste møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning.  
Medlemene i Fellesstyret tek med seg signala frå fjellstyret til møtet.